



**NOREGS MÅLLAG
LANDSMØTE 2018
VINJE 12.–15. APRIL**

Sakshefte

INNHALD:

Praktisk informasjon	side 4
Framlegg til sakliste	side 5
SAK 1 Opning og konstituering	side 7
SAK 2 Leiartalen	side 12
SAK 3 Nynorsk journalistikk og Vinje	side 13
SAK 4 Rekneskapar 2016 og 2017	side 14
SAK 5 Årsmelding 2016–2018	side 15
SAK 6 Økonomi	side 16
SAK 7 Fråsegner	side 25
SAK 8 Trygge møteplassar i Noregs Mållag	side 30
SAK 9 Hovudtalen: Utfordringar for nynorsk i skulen	side 32
SAK 10 Arbeidsprogram 2018–2022	side 33
SAK 11 Ungdomens tale	side 34
SAK 12 Innkomne framlegg	side 35
SAK 13 Parallele seminar	side 38
SAK 14 Val	side 39
Lov for Noregs Mållag	side 44

PRAKTISK INFORMASJON

SKRIVARSTOVA ER I VINJE FRÅ TYSDAG 13. APRIL. DE KAN NÅ OSS HER:

Gro Morken Endresen 957 85 560 eller gro.morken@nm.no

Erik Grov, 472 49 718 eller erik.grov@nm.no

Hege Lothe, 926 48 348 eller hege.lothe@nm.no

Ingar Arnøy, 975 29 700 eller ingar.arnoy@nm.no

Kjartan Helleve, 943 97 998 eller kjartan.helleve@nm.no

Per Henning Arntsen, 952 93 289 eller per.arntsen@nm.no

Marit Aakre Tennø, 454 71 716 eller marit.tenno@nm.no

MØTESTAD

Landsmøtet er i Vinjehuset som ligg like opp i bakken (mot Rauland) frå Åmot sentrum.

Adressa er: Raulandsvegen 60, 3890 VINJE

OVERNATTING

Landsmøtehotellet er Rauland høgfjellshotell som ligg 26 km nord for landsmøtestaden.

Adressa er Fv37 131, 3864 RAULAND

KVELDSSETE

Alle kveldsseta vil vera på Rauland høgfjellshotell.

TRANSPORT I VINJE I LANDSMØTEHELGA

Det er bussar som vil køyra deltakarane mellom hotellet og landsmøtesalen til dei tidspunkta det er fornuftig ut frå programmet. Meir presis informasjon vil de få både i innsjekkinga og sikkert også frå talarstolen gjennom helga.

FRAMLEGG TIL SAKLISTE:

TORS DAG 12. APRIL		
19.00->		Innsjekking på Rauland høgfjellshotell
19.30->		Servering av enkel kveldsmat
20.30		Kviss v/ Synnøve Marie Sætre og Kirsti Lunde
22.00		Formøte – eitt for kvinner og eitt for menn
FREDAG 13. APRIL		
08.00		Innsjekking
09.00	1	Opning og konstituering
		- kulturelt innslag ved Sondre Bratland - velkommen ved fylkesordfører Sven Tore Løkslid - velkommen ved ordfører Jon Rikard Kleven
09.55		Utdeling av litteraturprisar for 2017
10.15	2	Leiartalen v/ Magne Aasbrenn
		Ordskiye
11.10		Pause
11.30	3	Aasmund Olavsson Vinje og nynorsk journalistikk v/ Olav Vesaas
12.05		Vilkåra for den motkulturelle journalistikken i dag v/ Frøy Gudbrandsen
12.40		Det nye Vinje-senteret v/ Kristian W. Rantala
12.50		Ordskiye
13.15		Lunsj
14.10		Fullmaktsnemnda presenterer gjennomgangen av fullmaktene
14.15	4	Rekneskapar 2016 og 2017 v/ Gro Morken Endresen
14.35	5	Årsmelding 2016–2018 v/ Peder Lofnes Hauge
15.15	6	Økonomisaker v/ Gro Morken Endresen - inkludert innkomne framlegg om økonomi i fylkeslaga
16.10		Pause
16.30	7	Fråsegner v/ leiaren for redaksjonsnemnda
17.00	8	Trygge møteplassar i Noregs Mållag v/ Ingrid Fiskaa
17.15		Presentasjon av kampanje v/ Inger Johanne Sæterbakk
17.30	9	Hovudtalen v/ kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner
18.45		Slutt for dagen
20.15		Middag på Rauland høgfjellshotell
21.15		Kulturkveld på Rauland høgfjellshotell

LAURDAG 14. APRIL		
09.00	10	Arbeidsprogram 2018–2022 v/ Jens Kihl
09.45	11	Ungdomens tale v/ Fredrik Hope
10.00		Gruppeordskifte
10.45		Plenumsordskifte
11.45	7	Fråsegner
12.30		Lunsj
13.30	12	Innkome framlegg
14.10		Helsingstalar
14.15	7	Fråsegner
15.45		Kultur-tur – Olav Vesaas introduserer besøket på Midtbø
16.00		Vi går i bussane
16.10		Åmot – Midtbø – Plassen – Rauland Åmot – Plassen – Midtbø – Rauland
18.45		Framme på Rauland høgfjellshotell
20.30		Festmiddag på hotellet
SUNDAG 15. APRIL		
09.30	13	PARALLELE SEMINAR A: Ein ny strategi for målrørsla. Lærdomar frå samerørsla v/ Jon Todal B: Om nynorsk journalistikk i dag v/ Øystein Skjæveland C: Den digitale skulen v/ Marit Aakre Tennø og Kjartan Helleve
10.50		Pause
11.00	10	Vedtak arbeidsprogram
11.40		Helsingstalar
11.50	6	Vedtak økonomisaker
11.55	8	Vedtak retningslinjer for trygge møteplassar og mot seksuell trakassering
12.00	11	Vedtak innkome framlegg om normering
12.05		Lunsj
13.00	7	Vedtak fråsegner
13.45	14	Val
14.30		Avslutning
14.45		Heimreise

1 OPNING OG KONSTITUERING

Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

1.1 GODKJENNING AV INNKALLING

Fyrste innkalling vart sendt ut 13. januar, og innkalling med sakspapir vart sendt ut 13. mars.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkallinga.

1,2 FASTSETJING AV LANDSMØTEFØRESEGNENE

FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER

Frå 24. juli 1980, med brigde frå 29. juli 1982, 27. juli 1995, 29. juli 1999, 26. april 2002, 28. april 2006, 27. april 2007, 25. april 2008 og 21. april 2013.

§ 1

Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2

Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skriavarstova og to utsendingar. Representanten frå styret kallar nemnda saman. Nemnda vel sjølv leiar. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferdav den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskriavarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskriavarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemmer med varafolk for andre saker på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til vedtak og fråsegner.
- 2) Forma framlegg til vedtak og fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd(er) for andre saker (om naudsynt).

E Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram *skriftleg*. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparen hans fører talemista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melde seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved simpelt fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røysteliskap skal det røystast på ny. Ved røysteliskap for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatane til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd simpelt fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek landsmøteførsegner i tråd med framlegget i saksheftet.

1.3 VAL AV TILLITSOMBOD PÅ LANDSMØTET

Styret innstiller overfor landsmøtet å velja desse tillitsomboda:

- 1 fire ordstyrarar
- 2 tre medlemer til fullmaktsnemnd
- 3 seks møteskrivarar
- 4 fem medlemer til redaksjonsnemnd for arbeidsprogram
- 5 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner, økonomi og andre landsmøtesaker
- 6 seks røysteteljarar

Styret innstiller på tillitsombod på styremøtet dagen før landsmøtet tek til. Framlegget blir delt ut under innsjekkinga.

1.4 FASTSETJING AV SAKLISTE

Framlegget frå styret står på side 5 og 6 i dette heftet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.

1.5 FASTSETJING AV TIDSRISTAR

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast 2 månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lovene. Dei framlegga som kjem etter fristen, må godkjennast med vanleg fleirtal av landsmøtet dersom dei skal realitetshandsamast.

Fråsegnframlegg som no vert leverte seinast måndag 9. april, vert kopierte opp og lagde i mappene som utsendingane får ved innsjekkinga til landsmøtet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Frist for framlegg til fråsegner (nye tema): fredag klokka 11.30

Frist for endringsframlegg til fråsegner som skal handsamast i landsmøtet og til økonomisaker: laurdag klokka 13.00

Frist for endringsframlegg til arbeidsprogrammet: laurdag klokka 13.30

SAK 2 LEIARTALEN

Leiartalen til Magne Aasbrenn vert delt ut til alle utsendingane og lagd ut på www.nm.no straks talen er avslutta.

Det er sett av tid til ordskifte etter leiartalen.

SAK 3 NYNORSK JOURNALISTIKK OG VINJE

Landsmøtet er i Vinje i år som ein del av Vinje-jubileet. Me markerer at det er 200 år sidan Aasmund Olavsson Vinje vart fødd. Han var journalisten som tok Ivar Aasens landsmål i bruk i praksis. Han satsa eigen økonomi og valde bort ein mykje tryggare karriere som danskskrivande journalist. Det var eit sprang ut i det ukjende som må ha kravd eit heilt eige mot.

Om Aasmund Olavsson Vinje ved Olav Vesaas

Olav Vesaas skreiv biografi om Aasmund Olavsson Vinje i 2001. Me har bede han om å snakka for oss om personen, diktaren og journalisten Aasmund Olavsson Vinje.

Vilkåra for den motkulturelle journalistikken i dag ved Frøy Gudbrandsen

Frøy Gudbrandsen er politisk redaktør i Bergens Tidende. Med utgangspunkt i Aasmund Olavsson Vinje er ho beden om å halda ei innleiing om kva den motkulturelle journalistikken er i dag og kva vilkår han har. Kva skal til for at nynorsken har gode vilkår framover?

Det nye Vinje-senteret ved Kristian W. Rantala

Kristian W. Rantala er nyttilsett dagleg leiar i Vinje-senteret. Han skal fortelja oss om kva Vinje-senteret skal bli og korleis dei arbeider for å få det til.

Det er sett av tid til ordskifte etter innleingane.

SAK 4 REKNESKAPAR 2016 OG 2017

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram rekneskapane.

I årsmeldinga er desse rekneskapane og revisjonsmeldingane trykte:

Noregs Mållag 2016 og 2017

Inga og Gjøa Lutros legat 2016 og 2017

Kulturlotteriet 2016 og 2017

Rekneskapen for Fondet for norsk målreising var ikkje ferdig då sakspapira gjekk i trykken.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.

SAK 5 ÅRSMELDING 2016–2018

Styremedlem Peder Lofnes Hauge legg fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.

Årsmeldinga fylgjer landsmøtepapira som eiga trykksak.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årsmelding for 2016–2018 vert godkjend.

SAK 6 ØKONOMISAKER

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram økonomisakene.

Denne saka inneheld fem vedtakspunkt:

- 6.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2020–2022
- 6.2 Årspengar for 2020 og 2021
- 6.3 Budsjett for 2019 og 2020
- 6.3.1 Framlegg frå Hordaland Mållag til budsjett
- 6.3.2 Framlegg frå Hjelmeland Mållag og Stavanger Mållag til budsjett

ØKONOMISKE STYRINGSVERKTØY

Desse styringsverktøya er planlagde for den toårige landsmøteperioden:

- ✓ *Budsjett* for to år blir vedteke av landsmøtet.
- ✓ *Revidert driftsbudsjett* blir vedteke av styret år for år.
- ✓ *Prognose* blir lagd fram for styret til orientering og som grunnlag for eventuelle åtgjerder. Prognosen er resultatet av kjende tal for den delen av året som er gått, kombinert med ei vurdering av sannsynleg utvikling resten av året.
- ✓ *Driftsresultat* per førre månad blir lagt fram for styret saman med prognosen. Rekneskapstala blir jamførte med driftsbudsjett og året før.
- ✓ *Årsrekneskap* blir godkjend av landsmøtet i samsvar med § 5.1 i lov for Noregs Mållag.
- ✓ *Prosjektbudsjett* som identifiserer inntekter og kostnader for dei ulike tiltaka og planane som skal gjennomførast.
- ✓ *Tiltak i arbeidsprogrammet* må dermed talfestast i kostnader og inntekter så langt råd er. Arbeidet med slik prosjektbudsjettering kan fyrst ta til etter at landsmøtet har vedteke arbeidsprogrammet. Det reviderte budsjettet som styret vedtek, blir dermed det viktigaste grunnlaget for den økonomiske drifta av organisasjonen.

Konsekvensen av å bruka desse økonomiske styringsreiskapane er at det er både ynskjeleg og naudsynt at budsjettdrøftinga på landsmøtet rettar seg mot dei overordna måla og tala. Landsmøtet vedtek dermed eit rammebudsjett med visse resultatkrav, som det blir styret si oppgåve å realisera innanfor dei føresetnadene som er stilte.

Driftsåret i landsmøteår ser slik ut:

Februar/mars: Styret vedtek tilråding av budsjett for dei neste to åra for landsmøtet.

April: Landsmøtet vedtek budsjett for dei neste to åra, i tråd med § 5.1 i lov for Noregs Mållag

Mai/juni: Styret får driftsresultat per april og prognose til orientering, og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

August/september: Styret får driftsresultat per juli og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

Nov./desember: Styret får driftsresultat per oktober og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak. Styret vedtek også revidert budsjett for neste arbeidsår med grunnlag i arbeidsprogrammet og prognosen for inneverande år.

Mars: Styret avsluttar arbeidet med rekneskapen for året før.

April: Landsmøtet godkjenner rekneskapen for dei to førre åra.

I oddetalsår er det ikkje landsmøte, og rekneskapen vil då bli vedteken i styret og lagd fram for neste ordinære landsmøte.

6.1 FRIKJØP AV LEIAR/STYREMEDLEMER FOR 2020–2022

Landsmøtet i 1991 opna for frikjøp av leiar e.a. gjennom denne merknaden til budsjettet for 1992:

På lønsbudsjettet vil det bli gitt rom for løna leiar/frikjøp av leiar. Desse midlane blir brukte til frikjøp av leiar, andre styremedlemmer og eventuelt andre, etter vedtak i styret.

I 2007 vedtok landsmøtet:

Landsmøtet bed styret om å på landsmøtet i 2008 innstilla på leiarløn både for perioden 2008–2009 og 2009–2010. For seinare landsmøte skal vedtak om leiarløn vera ein del av det budsjettet som landsmøtet har oppe til vedtak, slik at landsmøtet i 2009 vedtek leiarløn for april 2010 til april 2011.

Denne ordninga har sidan vore brukt på ulike måtar. Både for valnemnda og for den som blir vald som leiar, er det naudsynt at rammevilkåra for leiaren er klåre for kvar funksjonsperiode. Summen i budsjettet bør vera ei maksimalramme, og styreleiaren står fritt til å ta ut honorar for ein mindre brøk enn 1/1 stilling. Det er heller ikkje sjølvstakt at frikjøpssummen for styreleiar skal vera identisk med løn til dagleg leiar. Behov, kompetanse, arbeidsmengd og arbeidsfordeling kan skifta. Styret legg til grunn for innstillinga si til landsmøtet, at leiaren vert frikjøpt med utgangspunkt i den løna vedkomande har i den ordinære stillinga si. Styret ynskjer likevel å leggja løna rimeleg høgt, ut frå ei vurdering av det ansvaret og den arbeidsbyrda som ligg til leiaren i Noregs Mållag. Det føreslegne lønsspennet representerer difor styret si vurdering av kva som bør vera lågaste og høgaste moglege lønsinnplassering for dei komande arbeidsåra.

Det er i alle høve landsmøtet som må fastsetja den årlege summen. Løna til dagleg leiar er lønssteg 70 som frå 01.05.2017 er kr 623 900.

Dersom andre styremedlemer skal frikjøpast, legg styret til grunn at dei vert frikjøpte i den løna dei har, men med same maksimumsløn som leiaren.

Landsmøtet i 2016 gjorde vedtak om å setja av lønsmidlar til frikjøp av styreleiar for perioden 2018–2020 i full stilling i lønssteg 60–75.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2020–2022 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 60–75 i statsregulativet. Til frikjøp av andre styremedlemer vert det sett av lønsmidlar i inntil 20 % stilling. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn med eit tak tilsvarande det for styreleiaren.

6.2 ÅRSPENGAR FOR 2020 OG 2021

Årspengane for 2018 og 2019 er sette til 290 kroner. Landsmøtet skal fastsetja årspengar for 2020 og 2021. Fastsetjing av årspengar er regulert i lov for Noregs Mållag § 4.6:

Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Familiemedlemer og lag som også er med i Noregs Ungdomslag betalar halve årspengar. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral kontingent gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje kontingent til samskipnaden.

§ 3.2 seier dette om årspengar frå Norsk Målungdom:

Norsk Målungdom svarar ei - 1 - krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

Årspengar - nominell og reell auke 2007–2021

År	Nom kr	2015-kr	Konsumprisindeks
2021	300	261	115,0
2020	300	267	112,5
2019	290	264	110,0
2018	290	269	107,7
2017	290	275	105,5
2016	290	280	103,6
2015	280	280	100
2014	280	286	97,9
2013	280	292	95,9
2012	280	298	93,9
2011	280	300	93,3
2010	270	293	92,1
2009	270	300	89,9
2008	270	307	88,0
2007	260	307	84,8

MERK: Tabellen syner nominell og reell kroneverdi ut frå framlegget til medlemspengesats. Prognose 2018: 2,1 % prisauke, prognose 2019: 2,2 % prisauke og prognose 2020: 2,3 % prisauke. Prognose for 2021 ligg ikkje føre og er stipulert til 2,2 %. Det er ikkje teke omsyn til at lønsauken og dermed dei røynelege utgiftene for Noregs Mållag er større enn prisauken.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årspengane for 2020 og 2021 blir sette til 300 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 30 kroner og tilrådd lokallagssats er 40 kroner.

6.3 BUDSJETT FOR 2019 OG 2020

Tal i 1000 kroner, oversyn over kostnadene følger på neste side.

	REKN 16	REKN 17	LM- vedtak BUD 18	STYRE- REV BUD 18	FRAML BUD 19	FRAML. BUD 20
INNETEKTER						
Sal av materiell	91	145	120	180	130	130
Norsk Tidend	101	78	100	80	80	80
Kulturlotteri	372	363	350	100	110	110
Medlemspengar	3 818	4 075	3 830	4 072	4 080	4 200
Prisar og stipend	120	120	120	120	120	120
Landsmøte	913	0	850	852	0	900
Møte-/seminarinntekter	107	119	50	50	75	50
Tenestosal	9	7	5	10	5	5
Målgåver	1 006	1 022	1000	1 230	1 250	1 270
Statstilskot	4 482	4 168	4 580	5 505	5 600	5 710
Løyvingar og gåver, sponsorinnt.	0	0	20	80	50	50
Prosjekt i fylkeslaga	520	675	400	650	650	650
Andre lagsinntekter, tippemidlar	958	1 374	0	0	0	0
Leige- og kontorinntekter	226	265	230	226	228	230
Uttak av varer	0	5	20	20	20	20
Mva-refusjon	410	468	400	470	450	450
Ymse	117	185	30	150	120	80
Sum inntekter	13 250	13 069	12 105	13 805	13 018	14 155

UTGIFTER

Materiell for sal	85	140	80	130	100	80
Norsk Tidend	816	887	740	830	850	860
Andre trykkjekostnader	123	175	130	130	100	130
Kulturlotteri	191	208	250	70	70	70
Refusjon medlemspengar	823	880	800	880	880	880
Løn og honorar	4 866	5 375	4 950	5 850	5 900	6 000
Tenestosal	-		2	0	2	2
Husleige, straum	1 032	1 126	1 000	1 150	1 170	1 190
Presseklypp, komm.tenester	72	74	80	80	80	80
Prisar og stipend	163	160	180	180	180	180
Drifts- og kontorutgifter	1 560	1 369	1 450	1 462	1 500	1 500
Landsmøte	1 286	10	1 100	1 250	0	1 200
Seminar, konferansar og arr.	234	368	160	200	280	200
Styre-/landsrådsmøte	147	191	200	200	210	210
Andre reise/møteutgifter	195	294	200	220	230	240
Prosjekt i fylkeslaga	517	775	400	750	650	650
Løyvingar, gåver, sponsorar	25	30	40	40	30	30
Løyving til NMU	200	200	200	200	200	200
Løyving NMU lokallagsskrivar	340	0	0	0	50	0
Målpol. sats.felt 1: skulemål	123	177	120	150	150	150
Målpol.sats.felt 2 Barn og unge	40	3	50	30	30	30
Målpol. sats. 3: Off. målbruk	26	3	70	30	40	40
Nynorskstafetten	119	71	140	140	140	140
Organisasjonstiltak	188	271	200	300	250	300
Avskrivningar, tap på krav	3	0	10	10	5	5
Sum utgifter	13 174	12 787	12 552	14 282	13 097	14 367
Resultat før finanspostar	76	282	-447	-477	-79	-212
FINANSPOSTAR						
Utbyte	6	13	20	20	20	20
Finansinntekter	66	78	110	65	65	75
Finansutgifter	-35	-32	-35	-40	-35	-35
Sum finanspostar	37	59	85	45	50	60
RESULTAT	113	341	-362	-432	-79	-252

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2019 og 2020 som er lagde fram med årsresultat på -79' kr og -252' kr.

6.3.1 FRAMLEGG FRÅ HORDALAND MÅLLAG:

Framlegg til vedtak frå Hordaland:

LM i NM vedtek å fullfinansiera stillinga som HM har, der Llive Havro Bjørnstad er tilsett.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet prioriterer å halda oppe talet på årsverk ein i dag har på skivarstova, og aukar ikkje lønsbudsjettet til også å omfatta ei stilling i Hordaland.

Sjå grunngjeving frå styret på side 24.

6.3.2 FRAMLEGG FRÅ HJELMELAND MÅLLAG OG STAVANGER MÅLLAG

Administrasjon av fylkesmållet
- saksframlegg for landsmøtet april 2018

Målet med forslaget

Målet er å auka aktiviteten på regional- og lokalt plan i NM.

Problemet

Slik det er no, har ein meir enn nok med å administrera styremøta. Ein får ikkje gjort særleg mykje mellom møta. Rogaland Mållag slit med å rekruttera ønskjelege ressursar til styret. Lokallaga har tilsvarande problem og har ikkje folk å avsetja til fylkesstyret. Situasjonen er med andre ord no slik at fylkeslaget ikkje maktar å vera den inspirasjonskjelda- og å yta dei støttefunksjonar ovanfor lokallaga som er ønskjeleg og naudsynt.

Løysinga

Desse lokallaga tykkjer at ressursane er fordelt veldig skeivt mellom det sentrale og det regionale og lokale nivået i NM. Det er maktpåleggjande for oss å hevda at det er lokallaga som utgjer sjølve levegrunlaget for målrørsla. Difor bør lokalnivaet ha tilgang på kontaktnettverk og administrativ-, praktisk- og økonomisk støtte i regionen.

NM må gje fylkeslaga nødvendig handlingsrom ved å overføra midlar. Nivaet på slik overføring må sjølvstøtt drøftast nærare, men må vera stort nok til at det kan etablerast ein administrativ ressurs anten ved ei delstilling, eller ved at fylkesleiaren kan operera som såkalla arbeidande leiar med eit tilmålt stillingsomfang. Dette for at personen kan ta seg fri frå anna arbeid. Midlane bør fordelast etter storleiken på fylkeslaga.

Jobben vil dreia seg om å halda kontakten med lokallaga, koordinera ressursane, administrera møte, svara på post og meir. Ein må ha midlar til honorar, reiseutgifter og anna. For eit stort lag som Rogaland ML, ville 100 000 kr vera i knappaste laget.

Det vert lagd til grunn at aktuelle endringar vert gjeldande frå og med 2018.

Framlegg til vedtak frå Hjelmeland og Stavanger:

Landsmøtet bed styret i NM om å greia ut og setja i verk tiltak for å oppnå intensjonane slik dei er formulert nedanfor.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet ser ikkje at det er rom for å overføra store delar av driftsbudsjettet til fylkeslaga ut over det som ligg i budsjetttrammene som er lagde fram for landsmøtet. Landsmøtet sluttar seg ikkje til dette framlegget.

GRUNNGJEVING FRÅ STYRET FOR INNSTILLINGA TIL VEDTAK I FRAMLEGGA FRÅ HORDALAND, STAVANGER OG HJELMELAND MÅLLAG:

Noregs Mållag har forståing for at fleire fylkeslag kan ynskja seg å ha god nytte av løna ressursar. Samstundes er Mållaget organisert slik at ein del fellesfunksjonar som tener heile organisasjonen, er lagt til sentrallekken. Det gjeld t.d. medlemspengeinnkrevjing, medlemsregister og ein del informasjons- og tilretteleggingsarbeid. Politisk utgreiings- og påverknadsarbeid kviler også i hovudsak på sentrallekken.

Det er også i dag ein del direkte og indirekte overføringar til organisasjonen, ikkje alle ressursar kjem primært sentrallekken til gode. Nær 900' kroner gjekk i vinter ut i medlemspengar til fylkes- og lokallag. Samstundes har vi sett av 300' i tilskot til organisasjonstiltak. Det meste av materiellproduksjonen vår er også retta mot laga og er gratis tilgjengeleg, med løns- og trykkekostnader betalt sentralt. Nær 200' i året går til å reisa ut til lag som ber styret eller skrifvarstova om å koma og hjelpa til med eit møte eller ei skulemålssak og Nynorskstafetten er ein intensiv innsats rundt tre veker kvar haust for å setja nynorsk på saklista i ei rekkje kommunar, skiftande frå år til år.

Skrivarstova har alltid vore nøktern i Mållaget. Sentralt er det i dag 6,8 årsverk attåt frikjøpt leiar, akkurat same nivået som for 20 år sidan. I denne perioden har organisasjonen vorte større og det er fleire/nye oppgåver som skal løysast. Ingen av dei mindre partia på Stortinget som vi til ein viss grad kan samanlikna oss med i medlemstal eller t.d. Nei til EU og Naturvernforbundet er under 10 tilsette sentralt. Styret ynskjer å prioritera faste, heile stillingar og ser det som ei uheldig løysing å nedbemanna på skrifvarstova.

Budsjettet for dei neste to åra ligg også i dette saksheftet og skal handsamast på landsmøtet. Som det går fram av dokumenta, ventar ikkje styret å kunna gå med overskot i desse åra. Til grunn for dei budsjetta ligg kontorlokala vi har i dag og at det noverande aktivitetsnivået vert vidareført.

Styret legg på dette landsmøtet fram eit arbeidsprogram der vi peikar på at fylkeslaga treng å styrkjast. Styret har for den komande perioden peika på Rogaland, Telemark og Trønderlaget. Noko av det vi vil tilby, er å samarbeida om å auka aktiviteten i laga og å sjå på kva som bør vera dei sentrale oppgåvene for fylkeslekken.

Noregs Mållag er i dag i ein situasjon der vi ser etter fleire inntektskjelder eksternt og vil leggja meir tid i å skriva søknader der vi ikkje har gjort det før. Styret oppmodar også fylkeslaga om å tenkja over om det finst stader å venda seg eksternt. Å få inn friske midlar utanfrå til målarbeidet er den aller beste løysinga når ein ynskjer å auka aktiviteten.

SAK 7 FRÅSEGNER

Det låg føre seks fråsegner då saksheftet gjekk i trykken.

- 1 **Ei ny opplæringslov må sikre nynorskelevane.** (*Fremja av styret*)
- 2 **Mållaget krev digitale læringsverktøy på nynorsk.** (*Fremja av styret*)
- 3 **Slepp nynorsken til i Dagbladet.** (*Fremja av styret*)
- 4 **Mållaget krev meir nynorsk i nye kommunar og fylke.** (*Fremja av styret*)
- 5 **Vern av norsk språk i Noreg.** (*Fremja av Bærum Mållag*)
- 6 **Gjeld Innst. 68 S (2016-2017): Språkdelte ungdomsskular.** (*Fremja av Odda Mållag*)

1 EI NY OPPLÆRINGSLOV MÅ SIKRE NYNORSKELEVANE

Landsmøtet i Noregs Mållag har to hovudkrav til ei ny opplæringslov. For det fyrste må ho sikra retten til opplæring på eige språk gjennom alle ti åra i grunnskulen. For det andre må den nye opplæringslova vera laga for den digitale røyndomen, og dermed definera alle læringsverktøy som læremiddel omfatta av parallellkravet, slik at desse kjem på nynorsk til same pris og til same tid som dei på bokmål.

Eit utval utnemnt av regjeringa arbeider med ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om opplæringslova og skal levere utgreiinga si i desember 2019. Etter det skal ei ny opplæringslov arbeidast fram.

Arbeidet frå Noregs Mållag for språkdelt ungdomsskule (Odda-modellen) og retten til å få opplæring i eige språk ut grunnskulen held fram. Stortinget har vedteke å utgreia saka. Uansett bør den nye opplæringslova ha klare formuleringar om at retten til opplæring på hovudmålet gjeld alle ti åra av grunnskulen.

Den digitale utviklinga fører til at nynorskelevane møter alt for mykje bokmål i skulekvardagen. Mangelen på digitale tilbod på nynorsk og skuleeigar si ansvarsfråskrivning er i ferd med å omslutta elevane i bokmål eller engelsk. Ei ny opplæringslov må vera laga for den digitale røyndomen, og definera alle læringsverktøy som læremiddel omfatta av parallellkravet.

Vidare bør desse sakene endrast eller utgreiast i arbeidet med ny opplæringslov:

- Det bør vera mogeleg å innføra ein rett til å gå i nynorskklasse i alle nynorskkommunar og i dei store byane.
- Elevane bør halda fram med hovudmålet sitt ut grunnskulen. I dag krev lova at elevane gjer eit nytt val som 12-åringar. Det er svært få slike val born får gjera sjølv så unge som 12 år. Valet skjer før elevane har vore innoom språkhistoria i pensum og før dei er fullkompetente i hovudmålet sitt.
- Dagens rett til å sikre opplæringa i både nynorsk og bokmål må halde fram. Det er viktig å sikre tidleg start med sidemål og ei sidemålsordning gjennom ungdomsskulen og studieførebuande vidaregåande opplæring som har eigen standpunkt karakter og avsluttande eksamen i vgs.

- Læremiddel er nasjonale, ikkje kommunale. Det kan ikkje vera berre skuleeigar sitt ansvar at elevane får nynorske læremiddel. Staten må sikra at læremiddel kjem på båe språk til same tid og pris. I dag er det alt for mange kommunar som ikkje tek på alvor kravet om at dei læremidla som vert nytta i skulen, skal vera på nynorsk, særleg knytt til nye digitale læremiddel der utvalet på nynorsk er dårleg.
- Kontorstøtteprogram som tekstbehandlingsprogram og rekneprogram, som i vesentleg del er i bruk i skulen, må omfattast av parallellkravet.
- Språkvedtak i kommunen bør styra språkvalet i norskopplæringa i vaksenopplæringa.
- Parallellkravet må også gjelda læremiddel i norskopplæringa for vaksne innvandrarar.
- Det bør presiserast at hovudmålet skal nyttast i informasjon frå skulen, på tavla og i skjermundervising, då dette ikkje vert gjennomført godt nok på nynorskskulane.
- I dag kan foreldre velja ei anna målform i skulebøkene til borna sine, enn hovudmålet dei lærer. For opplæringa i hovudmålet er dette ei dårleg ordning.
- Staten må syta for ei godkjeningsordning for læremiddel som gjer at skulane enkelt kan skaffa seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk.
- Me bør få attende krav om at det skal vera minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet, slik det var fram til 2003, for å ha retten til å laga parallellklasse. Eit slikt krav vil hindra unødvendig utarming av nynorskklassane.

2 MÅLLAGET KREV DIGITALE LÆRINGSVERKTØY PÅ NYNORSK

Det går føre seg ein digital revolusjon i norske klasserom. Ungane får ikkje lenger berre utlevert blyant, viskelær og linjerte skrivebøker. I staden får elevane i tillegg kvart sitt nettbrett fulle av app-ar og opplæringsprogram. Det tradisjonelle læreverket er i ferd med å bli erstatta av eit mangfald av digitale læringsressursar og oppslagsverk.

Ei av hovudoppgåvene skulen har, er å gjera elevane til trygge språkbrukarar. Det er viktig at dei møter språket sitt heile tida, særleg i den fyrste lese- og skriveopplæringa. Det er difor rimeleg å venta at nynorskelevane møter like mykje nynorsk i den digitale skulekvardagen som dei gjorde i den analoge.

Noregs Mållag er såleis djupt uroa over kor lite omsyn det blir teke til denne elevgruppa. Opplæringslova må endrast i samsvar med den digitale skulekvardagen. Det utdaterte skiljet mellom læreverk og tilleggsressursar må opphevast. Sjølv om det er pedagogiske og økonomiske føremoner med dei nye verktøya, er det få produsentar som har teke seg bryet med å laga nynorske utgåver av desse nye ressursane. Resultatet er at elevar med nynorsk som hovudmål, møter bokmål langt oftare enn tidlegare. Det strir med gjeldande pedagogiske retningslinjer.

Denne situasjonen skriv seg frå tre ting. For det fyrste seier opplæringslova og forskrifta at kravet om parallellutgåve berre gjeld læremiddel som «blir brukt fast, over ein lengre periode eller jamleg.» I den nye skulekvardagen er det ikkje like klårt kva dette vil seia. Mangfaldet av læringsressursar er stort, og dei oppfyller ulike kompetansemål.

For det andre er det tydeleg at skuleeigarane ikkje er medvitne om ansvaret dei har når det gjeld å gjera denne vurderinga. Lærarane har nok med å læra seg å nytta desse nye verktøya, og det er ikkje mykje tid til å vurdera kvar enkelt læringsressurs.

For det tredje er det ikkje lenger berre forlaga som produserer læremiddel. Ei rad nye aktørar er komne inn i marknaden, og ikkje alle er like medvitne om samfunnsoppdraget som dei tradisjonelle aktørane har vore.

Noregs Mållag meiner at om det ikkje finst ei nynorskutgåve av det digitale læremiddelet, så skal det ikkje takast i bruk i skulen. Dette må også gjelda kontorstøtteprogram og operativsystem. Kunnskapsdepartementet bør få utarbeidd ein eigen læremiddelportal der skuleeigarar kan finna lovlege læremiddel.

Kunnskapsdepartementet bør straks følgja opp skuleeigarane med eigne tilsyn. Derneft bør Stortinget snarast utvida dagens støtteordningar for å sikra nynorskutgåver av alle dei digitale læremidla.

3 SLEPP NYNORSKEN TIL I DAGBLADET!

Noreg er eit samfunn med eit sterkt språkleg og kulturelt mangfald. Dersom Dagbladet ønskjer å spegle dette mangfaldet, må avisa sleppe nynorsken til på redaksjonell plass.

Nynorsk og bokmål er jamstilte språk i Noreg. Det er over ein halv million nynorskbrukarar i Noreg, og endå fleire som har nynorsk som sidemål. Talet på nynorske språkbrukarar er langt høgare enn opplaget til Dagbladet, som i dag er den fjerde største avisa her til lands. Likevel er det i 2018 framleis forbod mot å skrive nynorsk på redaksjonell plass i avisa. Mens landets største avis, VG har sleppt nynorsken til i spaltene sine og på nettsida si, tviheld Dagbladet på forbodet mot eitt av dei to norske språka. Det er ein praksis som diskriminerer både lesarane og dei nynorskspråklege journalistane.

Forbodet mot nynorsk bryt også med Dagbladet sin eigen tradisjon. Avisa vart danna i miljøet rundt journalisten, diktaren og målmannen Aasmund Olavsson Vinje, og var i mange år kjend som landets viktigaste radikale kulturavis. Dagbladet har på leiarplass tatt til orde for obligatorisk sidemålsundervisning i Noreg, også i dei seinare åra. Det viktigaste Dagbladet kan gjere for å styrke sidemålsundervisninga, er å gjere nynorsk og bokmål til jamstilte språk i eigne spalter. Avisa kan då bidra til å auke den språklege toleransen og den språklege sjølvkjensla her til lands. Gjennom å gje nynorsken plass i spaltene, ville Dagbladet synt at dei er ei ekte riksavis, ikkje ei lokalavis for Oslo.

Det er over ein halv million gode grunnar til å sleppe nynorsken til på redaksjonell plass i Dagbladet. For ei moderne avis i eit demokratisk samfunn er det ingen gode grunnar til å la vere.

4 LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG KREV MEIR NYNORSK I NYE KOMMUNAR OG FYLKE

119 kommunar skal slåast saman til nye, større kommunar. Sju av samanslåingane er mellom ein nynorskkommune og kommunar som er rekna som bokmålskommunar eller språknøytrale kommunar. Landsmøtet i Noregs Mållag krev at desse kommunane får ekstra støtte til å fylgje opp ansvaret sitt med å take vare på nynorsken.

Språkbruken i kommunane har mykje å seie for den språklege framtida for nynorsken. Når tidlegare nynorskkommunar vert slegne saman med kommunar med mindre nynorsk, må den nye kommunen halde fram med å bruke nynorsk og ha ein medviten språkpolitikk. Dette er særleg viktig for nynorsken og nynorskbrukarane, som er i mindretal nasjonalt og i mange tilfelle kan verte i mindretal i den nye kommunen. Språkarbeidet i ein kommune krev arbeidstid, kurs og investeringar, men i større mon gode rutinar og språkleg medvit. I desse kommunane trengst det også ei særleg satsing og ekstra støtte frå staten si side.

I fleire av fylkessamanslåingane ser me at nynorsken kjem i små mindretal. Dette gjeld fylke der nynorsken allereie har eit sterkt bokmålspress, og det vert ekstra viktig å sikre nynorsken i respekt for mindretalet i dei nye fylka.

Landsmøtet i Noregs Mållag vil trekkje fram tre tiltak Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan setje i verk for å stø kommunane og fylka som står midt i samanslåingsarbeidet. Tiltaka vil vere med på å sikre at nynorsken ikkje kjem svekte ut av kommunesamanslåingane, som var eit krav i frå kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget då kommunereforma vart handsama:

1. Eigne samlingar for nye kommunar og nye fylke for å sikre tenleg nynorskbruk etter samanslåing.

For å sikre at fellesnemndene, kommunestyra og fylkestinga planlegg for å sikre nynorsken både i administrasjonen, informasjonen til innbyggjarane og i drift til dømes knytt til skulen kan slike samlingar avklare problemstillingane og korleis ein praktisk løyser dei.

2. Økonomisk støtte for å sikre gode overgangsordningar og ordningar for nynorsken

Stortinget har løyvd pengar til overgangsordningar for kommunane og fylka. Det bør også stillast midlar til rådvelde for å lage og setje i verk språkbruksplanar, kursing av tilsette og sikre midlar til at nynorskelevane ikkje vert råka av samanslåingane.

3. Utgreiing for å sikre gode nynorskkommunar i framtida

Kommunal- og regionaldepartementet bør lage ei utgreiing som ser om det er mogleg å innføre eit tydelegare regelverk, tydelegare rettar og planverk, og politikk rundt det å vere ein nynorskkommune. Regelverket bør innehalde fleire statlege gode for å vere ein nynorskkommune, og medføre tilsyn for å sjå til at innbyggjarane får oppfylt rettane sine.

5 VERN AV NORSK SPRÅK I NOREG

Målsetting:

Noregs Mållag ynskjer dei neste åra å stå i fyrste rekke i arbeidet for å sikra at norsk (og samisk i dei samiske områda) fortsatt blir det dominerande språket i Noreg. Noregs Mållag ynskjer å forhindra at norsk forsvinn frå viktige delar av det norske samfunnet, ikkje minst akademia og næringslivet. Norsk

skal også i framtida vera dominerande i dagleg munnleg og skriftleg kommunikasjon blant dei som lever i landet.

For å styrke stillinga til norsk språk i Noreg vil Noregs Mållag gå inn for at:

- a) undervisinga i den offentlege skulen i norsk litteratur og språk, nynorsk og bokmål, blir styrkt på alle nivå. For å nå dette målet, bør alle som tek til å studera norsk eller nordisk språk og litteratur ved lektorutdanninga i Noreg ha minst gjennomsnittskaracteren 4 i norsk (hovudmål, sidemål, munnleg og eksamen) frå vidaregåande skule.
- b) vitnemåla frå lektorutdanningane syner to norskkaracterar, ein i nynorsk og ein i bokmål.
- c) språket i den offentleg finansierte skulen til og med vidaregåande nivå skal vera norsk. Klasser oppretta i den offentlege skulen med engelsk som einaste undervisings- og opplæringspråk, blir avvikla.
- d) undervisings- og opplæringspråket fram til og med bachelor-nivå ved norske høgskular og universitet skal som ein hovudregel vera norsk, med unnatak av undervising i framande språk.
- e) norsk er administrasjonsspråk ved høgskular og universitet.

Vidare vil Noregs Mållag peika på at det vil vera viktig at ein der det blir undervist og forska på norsk språk, historie, samfunnsliv, folkeminne, rettsvitskap, juss osv., held fast ved og utviklar ein norsk fagterminologi. Forskinga som blir gjort i desse faga, må i sin heilskap vera tilgjengeleg for ålmenta på norsk.

Ikkje mindre viktig er det å styrkja stillinga til norsk språk ved dei universiteta/høgskulane som utdannar profesjonar som sjukepleiarar, lærarar, fysioterapeutar, sosialarbeidarar, journalistar osv. Desse profesjonane leverer viktige tenester i det norske samfunnet og desse tenestene kan berre bli formidla på norsk. Alle ansvarlege leiarar i den offentlege undervisingssektoren må vera merksame på og styra etter dette.

For eit lite språksamfunn som vårt er det naudsynt at folk flest meistrar framande språk. Samstundes er det viktig at ikkje engelsk blir det einaste framandspråket i Noreg. Difor vil Noregs Mållag arbeide for at undervisinga i andre framandspråk enn engelsk blir styrkt i den offentlege skulen.

6 FRÅSEGN

Til Regjeringa.

Gjeld Innst. 68 S (2016-2017): Språkdelte ungdomsskular.

22.11.16 bad Stortinget Regjeringa leggja fram eit dokument 8 framlegg om språkdelte ungdomsskular. Denne saka er enno ikkje lagd fram for Stortinget.

No vert saka handsama i Utdanningsdirektoratet. utdanningsdirektoratet hadde frist på seg til å vera ferdig med sakshandsaminga innan utgangen av 2017.

Men så langt har det ikkje kome noka utgreiing frå Utdanningsdirektoratet med tanke på sakshandsaming i Kunnskapsdepartementet og framlegging for Stortinget og vedtak i Stortinget.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner saka – tinginga frå Stortinget – er eitt år på overtid.

Landsmøtet bed om at Regjeringa legg saka fram for Stortinget i vårsesjonen 2018 til vedtak.

SAK 8 TRYGGJE MØTEPLASSAR I NOREGS MÅLLAG

Styremedlem Ingrid Fiskaa legg fram saka på vegner av styret.

Hausten og vinteren har vore prega av fleire saker som syner at det er trakassering også i det frivillige organisasjonslivet. Noregs Mållag har ikkje tidlegare vedteke eit dokument om trygge møteplassar og mot trakassering. Styret meiner det er nyttig å drøfte og vedta dette dokumentet som ein del av eit førebyggjande arbeid i organisasjonen.

Trygge møteplassar i Noregs Mållag

Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Noregs Mållag skal vere ein trygg organisasjon. Norsk Målungdom deltek vanlegvis på tilskipingar i Mållaget, og vi har eit særleg ansvar for dei unge deltakarane. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre og møte kvarandre med respekt.

Mot seksuell trakassering

Det skal ikkje vere seksuell trakassering i Noregs Mållag. I likestillingslova vert seksuell trakassering definert som uønskt seksuell merksemd som er plagsam for den som merksemda rårar. Det er altså korleis handlinga vert opplevd som avgjer om det er snakk om seksuell trakassering, ikkje intensjonen eller handlinga i seg sjølv.

Varsel om kritikkverdig åtferd

Det skal vere så enkelt som råd å varsle. Eit varsel kan innehalde mange typar bekymringar, alt frå underslag, grenseoverskridande åtferd, seksuell trakassering eller andre overgrep. Varsel skal meldast til næraste leiar i lokallaget eller fylkeslaget, og/eller til dagleg leiar i Noregs Mållag. Lagsleiar som tek mot varsel skal alltid varsle dagleg leiar så snart som råd.

Dersom du som leiar eller dagleg leiar tek imot eit varsel, har du ansvar for å undersøkje, så godt som råd er, innhaldet i varselet. Lagsleiar tek kontakt med dagleg leiar og saman vert de samde om kva som skal gjerast. Ut frå innhaldet i varselet tek dagleg leiar saka vidare. Det er viktig å ta omsyn til den svake parten i saka, i tillegg til å sørgje for å få fram og avklare alle sider og syn frå dei involverte i varselet.

Handsaminga av varselet skal så langt som råd skriftfestast. Uansett utfall av varselet skal dagleg leiar loggføre saka, slik at ho ligg i arkivet. Reaksjonsmåte må avgjerast ut frå kor alvorleg hendinga er. Det kan vere ein samtale der den aktuelle leiaren eller dagleg leiar gjer det klart kva som er akseptabel åtferd i Mållaget, og krav om å be om orsaking eller andre reparerande tiltak. Det kan vere informasjon om saka til aktuell valnemnd og tiltak som krev styrevedtak om utestenging frå fellesarena i organisasjonen som landsmøte og konferansar. Noregs Mållag har ikkje eksklusjonsparagraf. Hendingar som er i strid med norsk lov, vert melde til politiet.

Nokre konkrete tiltak i høve tilskipingar:

1. **Ansvarleg leiing.** På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere edru ansvarlege personar knytte til leiinga og som har eit særleg ansvar for å følgje opp unge medlemmer og medlemmer i Norsk Målungdom. Alle skal få informasjon om telefonnummer til desse ansvarlege.

2. **Kjønnsdelte formøte.** I høve større tilskipingar som landsmøte og konferansar skal sentrallekken jamleg leggje til rette for kjønnsdelte formøte både for kvinner og menn.

3. **Rusfrie alternativ.** Det sosiale fellesskapet er viktig i Mållaget. Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og å ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der alkohol er ein del av opplegget. Til vanleg betaler ikkje Noregs Mållag alkohol for tillitsvalde og tilsette.

Trengst det meir detaljerte reglar, eller er det tvil i enkeltsaker, vert det lagt fram for styret i Noregs Mållag til vedtak.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek retningslinjer for trygge møteplassar i Noregs Mållag slik dei ligg føre i sakspapira.

SAK 9 HOVUDTALEN: UTFORDRINGAR FOR NYNORSK I SKULEN

Kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner held hovudtalen på landsmøtet.

Kunnskapsministeren skal snakka om dagsaktuelle utfordringar for nynorsken i skulen, med eit spesielt blikk på situasjonen for nynorske digitale læremiddel.

10 ARBEIDSPROGRAM 2018–2022

Nestleiar i Noregs Mållag, Jens Kihl legg fram arbeidsprogrammet.

§ 5.1 i lov for Noregs Mållag slår fast at *Noregs Mållag held landsmøte annakvart år. Landsmøtet fastset saklista. Kvart fjerde år vert det vedteke eit langtidsarbeidsprogram for Noregs Mållag.*

Styret i Noregs Mållag legg i tråd med lovverket her fram innstilling til arbeidsprogram for perioden 2018–2022.

Til hjelp i prosessen oppnemnde styret ei arbeidsprogramnemnd våren 2017.

Medlemene av nemnda har vore:

Jens Kihl (leiar): Nestleiar i Noregs Mållag og politisk journalist i Klassekampen, Oslo
Eli Bjørhusdal: Fyrsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet og tidlegare nestleiar i Noregs Mållag, Luster
Vidar Lund: Nestleiar i Trønderlaget, tidlegare leiar i Noregs Mållag og biblioteksjef ved Levanger bibliotek, Levanger
Peder Lofnes Hauge: Styremedlem i Noregs Mållag og politisk rådgjevar frå Venstre for byrådet i Bergen
Elise Tørring (NMU): Nestleiar i Norsk Målungdom og lærarstudent,

Skrivar for nemnda har vore Marit Aakre Tennø, politisk rådgjevar i Noregs Mållag.

Utkast til arbeidsprogram vart sendt på høyring 19. desember, og fristen for å koma med endringsframlegg var 20. februar.

Det kom inn om lag 150 endringsframlegg, og nemnda har gått gjennom framlegga og lagt fram ei innstilling til styret i Noregs Mållag.

Det framlegget som ligg ved som eige dokument til sakspapira til landsmøtet, er styret si innstilling frå styremøtet 2.–4. mars.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek arbeidsprogram for 2018–2022.

11 UNGDOMENS TALE

Innleiing ved Fredrik Hope, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag

Dette er ein ny programpost på landsmøta våre. Med denne talen vil vi gje Norsk Målungdom høve til å snakka fritt om politiske tankar og prioriteringar sett frå deira ståstad.

Talen er éi av to innleiingar som kjem etter kvarandre før ordskiftet om nytt arbeidsprogram.

12 INNKOMNE FRAMLEGG

Utdrag frå paragraf 5.3:

Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunnjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan stryke saker frå saklista med vanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

Det har kome 3 framlegg. To av framlegga gjeld budsjettet, og dei er presenterte under sak 6 Økonomisaker.

12.1 FRAMLEGG FRÅ ULLENSVANG MÅLLAG

Nynorsknorma

- sak til førehaving på landsmøtet i Noregs Mållag 2018

Me bed om at ordlista vert send til utsendingane som ein del av saksunderlaget.

Sjå grunngeving frå Ullensvang på neste side (side 36). Som eige vedlegg til sakspapira finn de også eit hefte med utdrag frå Nynorsk ordliste av Arvid Langeland.

Framlegg til vedtak frå Ullensvang mållag:

«Noregs Mållag bed Kulturdepartementet om at norma i Nynorsk ordliste av Arvid Langeland vert fastsett som offisiell nynorsknorm.»

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Nynorsknorma har som eiga sak eller som fråsegn vore oppe på landsmøta i Noregs Mållag i 1999, 2000, 2002, 2003, 2006, 2008, 2011 og 2012. Storverket Norsk Ordbok var ferdigstilt våren 2016 og inneheld innsamla materiale frå heile landet, totalt over 300 000 ord. Den gjeldande normeringa vart innført 1. august 2012. Landsmøtet ynskjer stabilitet i normeringa og tek ikkje nynorsknorma opp att til ny handsaming no.

GRUNNGJEVING FOR Å GJERA NORMA I NYNORSK ORDLISTE AV ARVID LANGELAND,
KUNNSKAPSFORLAGET, TIL OFFISIELL NYNORSKNORM:

Nynorsk ordliste av Arvid Langeland er ei ordliste for alle som vil skriva ein konsekvent og regelfast nynorsk. Ho er tufta på tanken om at nynorsk er eit eige, sjølvstendig språk på lik line med andre normalmål. Ordlista vil bøta på den forvirringa som rår om korleis nynorsken skal sjå ut, og tilbyd ei einskapleg norm som er lett å læra.

Norma i ordlista byggjer i all hovudsak på læreboknormalen som galdt fram til 2012. Former som frå 1917 og frametter vart tekne inn i nynorsken med det føremålet å tilnærma nynorsken til bokmål, er i stor grad fjerna, og ein del opphavlege former er tekne inn att for å ta betre vare på det indre systemet i målet.

--

Ivar Aasen skreiv fylgjande i Norsk Grammatik, som han gav ut i 1864:

I den hele Sammenstilling af Ordformer og Bøiningsformer bliver det nødvendigt at stræbe efter en Eenhed, saa at der ikke bliver opstillet flere Former i Stedet for een, da dette vilde føre Sproget tilbage til Landskabsmaalenes Stilling og saaledes gjøre det vanskeligt at lære.

Dialektreisinga frå om lag 1970 og utetter var ein kveik for målrørsla. Men for ein del førde dialektreisinga til ei dreining mot målpolitisk individualisme. Ein slik individualistisk tenkjemåte er i røynda eit frontalåtak på normerings-prinsippa Ivar Aasen bygde på, og det gjer nynorsken sin styrke om til veikskap med å opna opp for at nynorsken kan løysast opp i sprikjande variantar. Under presset frå det dominerande bokmålet fører han til ei gradvis aukande bokmålisering.

Trass i at Stortinget sette ein offisiell stoggar for tilnærmingspolitikken i 2002, og jamvel om Stortinget gav Språkrådet klarsignal til å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk utan sideformer, vart resultatet ei ny nynorsknorm frå 2012 som korkje er tydeleg, enkel eller stram.

No er j-lause former i verb vorte tillatne i offisiell rettskriving, t.d. *tenke, bygge, legge, ønske, følge, sitte, brygge, slegge og rekke*. Somme av dei er mellom dei mest frekvente og produktive orda i norsk. Det er dessutan berre krav om konsekvens ord for ord: Ein kan altso skriva *bygge* og *følge*, men samstundes *leggje* og *ynskje* i éin og same tekst. Nynorsknorma er i somme ord meir bokmålsk enn bokmålet sjølv: t.d. *telge/telgje* der bokmålet berre har *telgje*.

Dobbelkonsonant er no obligatorisk i somme verb der enkeltkonsonant var det tradisjonelle, t.d. *å rømme, å tømme*. Verbforma *-te* i verb som t.d. *førte, lærte* og *styrte* er òg vorten obligatorisk, medan dei gamle nynorskformene med *-de*, t.d. *førde, lærde* og *styrde*, er tekne ut av norma. Adjektiv som endar på *-en*, t. d. *open*, kan no ha forma *-ent (opent)* i inkjekjønn. Mykje brukte verb som *dra* og *ta* kan no ha rein bokmålsbøying, t.d. *dra – drar – drog – dradd/dratt; ta – tar – tok – tatt*, jf. òg *la – lar – let – latt*.

Former som vert skrivne med ø i bokmål er no tillatne, t.d. *løfte, svømme, botte* og *søsken*. Ei heil rekkje ord på *-skap* som til 2012 berre har vore hankjønn, kan òg vera inkjekjønn som i bokmål, t.d. *bodskapet, medlemskapet, venskapet*. Endinga *-ty* i ord som *verktøy* og *fartøy* er teken ut av norma, i staden må ein no skriva *verktøyt* og *fartøyt*.

Det finst fleire liknande døme. Endringane byggjer i stor grad på bruken i bokmål og bokmåls-påverka talemål. Totalresultatet er ikkje berre normendring, men norm-oppløysing. Nynorsken misser dermed mykje av serpreget sitt. Norma er no so sprikjande og full av inkonsekvensar og mangel på indre samanheng at det er eit spørsmål om det kan kallast ei norm.

Mylderet av former og skrivemåtar er eit resultat av eit språkpolitisk eksperiment med samnorsk som havarerte. I internasjonal samanheng er det ein raritet.

Resignasjonslina legg til grunn at når talemålsutviklinga går i retning av bokmål, lyt nynorskrettskrivinga fylgja etter. Noko resignasjon dreg truleg med seg meir resignasjon, og sluttpunktet for ei slik tenkjing er ikkje samnorsk, men bokmål.

Trass i 150 års målreising er bokmålsdominansen no so sterk at han trugar nynorsken på livet.

I eit ordskitte om ordtilfanget i nynorsken skreiv Magne Rommetveit i 1983 at han registrerte ein tydeleg tendens til at dialektane var i tilbakegang, og han meinte dei ville koma til å spela ei underordna rolle i framtida. Etter hans meining måtte ein venta at utviklinga ville gå snøgt:

Folk flyttar i dag meir enn før – frå det eine dialektområdet til det andre, frå yrkesmiljø til yrkesmiljø. Talemålet blir påverka av dette. Med andre ord: «naturleg talemål» utviklar seg meir og meir frå eit «morsmål» med rot i eit målføre til å bli eit ustabil uttrykksmiddel som skifter frå person til person. Og det finst ofte i sprikjande former hos ein og same personen – alt etter talemålssituasjonen og evne til å stå mot språkleg press i påverknadsmiljøet. Her kjem massemedia inn som eit dominerande påverknadselement. Ei rivande utvikling i medieteknikken påskundar denne utviklinga – med god støtte i offentleg administrasjonsmål og i målet i undervisningsmaterieil. Med andre ord: vi merkar ei meir eller mindre medviten tilpassing til normert mål.

Konklusjonen hans var at

det vil bli normalmål som avgjer språkutviklinga i landet, ikkje naturleg talemål. Det er difor eit feilgrep om vi tuftar framtida til nynorsk skriftmål på eit konglomerat av naturlege talemål, som er oppblanda med meir eller mindre dårleg bokmål. Nynorsken er best tent med eit fast og einsarta målsystem, som er ein overbygning over dialektane, og som er lett å læra. Vi må ta vare på innarbeidd nynorsk ordtilfang – som i dag må reknast som eit stort pluss dersom vi ønskjer ei jamn og harmonisk utvikling med røter i norsk kulturtradisjon. Blir ein slik samnemnar brukt mykje i massemedia, kan vi ha von om å påverka framtidsnorsken. Held vi derimot fram med å praktisera slagordet «Skitt i Norge, leve Toten» er vi snart tilbake til tida før Ivar Aasen, og vi kan då venta at nynorsken om ikkje så lenge vil bli fullstendig undertrykt av bokmålet.

Den gjeldande rettskrivinga ser ut til å vera tufta på resignasjonslina, og har til konsekvens at nynorsken går i indre oppløysing. Til og med journalistar, lærarar og byråkratar, som dagleg nyttar språket som arbeidsverky, slit i dag med å bruka det rett. Men språkutvikling ikkje er ei naturleg eller lagnadsstyrd utvikling, men ei utvikling som kan påverkast. Det er berre målrørsla som har både makt og vilje til å gjera framtidsutsiktene til nynorsken ljosare. Lat oss bruka den makta!

For Ullensvang mållag

Johannes H. Sekse

(styreleiar)

13 PARALLELLE SEMINAR

Seminara vil gå éin gong, sundag morgon frå klokka 09.30 til 11.00. Det vil bli organisert opplegg for påmelding fredag og laurdag på landsmøtet, og landsmøteutsendingane står fritt til å velja det kvar og ein ynskjer.

A EIN NY STRATEGI FOR MÅLRØRSLA. LÆRDOMMAR FRÅ SAMERØRSLA VED JON TODAL

Det er eit felles mål for alle i målrørsla å finna ein strategi som sikrar framtida for nynorsk språk og som kan føra til fleire nynorskbrukarar i framtida. Etter 150 år med målarbeid er det viktig å diskutera strategi på nytt. Skal det vera slik at nynorsk berre er å sjå på som ein konkurrent til bokmålet, eller har språket vårt ein eigenverdi? Er den jamstillingsstrategien som nynorskfolk følgjer, ein god strategi i dag? Har målrørsla noko å læra av den samiske språkstrategien?

Jon Todal er professor ved Sámi allaskuvla (Samisk høgskole) i Kautokeino. Han sat i styret i Noregs Mållag frå 2007 til 2011 og har på oppdrag frå arbeidsprogramnemnda skrive ein artikkel i heftet *Målreising 2017* om dette emnet.

B OM NYNORSK JOURNALISTIKK I DAG VED ØYSTEIN SKJÆVELAND

Dølen var den fyrste avisa i Noreg som brukte det nye landsmålet. I dag er kvar fjerde avis redigert på nynorsk. Øystein Skjæveland har på oppdrag frå Noregs Mållag i samarbeid med fleire andre institusjonar, skrive ein rapport. Han vil fortelja om korleis stoda er for nynorsk journalistikk på papir, nett, i radio og på tv i ulike landsdelar, og han vil snakka om kva som hindrar redaksjonane i å bruka meir nynorsk og kva som skal til for å få meir bruk av nynorsk. Finst det gode føredøme i Medie-Noreg og konkrete arbeidsverktøy og arbeidsmetodar redaksjonane kan nytta? Og er det eventuelt noko lokale mållag kan gjera for å få meir nynorsk i media rundt seg?

Øystein Skjæveland har bakgrunn som journalist og er i dag isprodusent i Kvinnherad. Han har tidlegare vore leiar i Husnes Mållag og i Hordaland Mållag.

C DEN DIGITALE SKULEN OG NYNORSKEN VED MARIT AAKRE TENNØ OG KJARTAN HELLEVE

På landsmøtet legg styret fram ein ny nasjonal kampanje for digitale læremiddel på nynorsk. Synnøve Midtbø Myking har utarbeidd ein rapport for Noregs Mållag om nynorske digitale læremiddel i skulen. Dei digitale ressursane vert tekne meir og meir i bruk, og svært mykje av det som vert tilbydd skulane, er ikkje på nynorsk. Det er ei gråsone der ansvaret er uklårt og regelverket diffust. Opplæringslova må slå fast at trykte og digitale læremiddel er likestilt. I dagens skulekvardag er det ikkje berre nokre få og store trykte læreverk, men eit vell av små og store verktøy, app-ar og nettsider.

Seminaret vil gå nøyare inn i saka – korleis argumenterer me og korleis arbeider me med kampanjen for å få ei endring av dette feltet.

Kjartan Helleve har arbeidd i Noregs Mållag sidan 2007. Han er redaktør i Norsk Tidend og informasjonskonsulent. **Marit Aakre Tennø** har vore innom i fleire engasjement for Noregs Mållag sidan 2004. Frå 2013 til 2016 var ho leiar i Noregs Mållag. No arbeider ho som politisk rådgjevar.

14 VAL

Valnemndsleiar Steinulf Tungesvik innleier til val av styre. Leiar Magne Aasbrenn legg fram innstillinga på ny valnemnd for 2018–2020 og revisor for 2018 og 2019.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 14.1 Val av styre
- 14.2 Val av valnemnd
- 14.3 Val av revisor

14. 1 VAL AV STYRE

Styret har i arbeidsåret 2016–2018 vore:

leiar	Magne Aasbrenn (AU)	
nestleiar	Jens Kihl (AU)	
styremedlem	Ingrid Fiskaa (AU)	
styremedlem	Peder Lofnes Hauge	
styremedlem	Inger Johanne Sæterbakk	
styremedlem	Inger Vederhus	
styremedlem	Synnøve Marie Sætre	2016–2017, vald av NMU
styremedlem	Fredrik Hope	2017–2018, vald av NMU
1. vara	Haakon Aase	
2. vara	Randi Lohndal Frestad	
3. vara	Birgitta Lim Ersland	
4. vara	Øyvind Fenne	
1. vara NMU	Elise Tørring	vald av NMU
2. vara NMU	Eline Bjørke	vald av NMU

Innstilling frå valnemnda til styre for 2018–2020:

leiar	Magne Aasbrenn	attval
nestleiar	Jens Kihl	attval
styremedlem	Inger Johanne Sæterbakk	attval
styremedlem	Peder Lofnes Hauge	attval
styremedlem	Mariann Schjeide	ny
styremedlem	Helen Urdland Karlsen	ny
styremedlem	xx	blir vald av NMU på deira landsmøte
1. vara	Marianne Granheim Trøyflat	ny
2. vara	Anders Riise	ny
3. vara	Birgitta Lim Ersland	attval
4. vara	Øyvind Fenne	attval

OM STYREKANDIDATANE:

MAGNE AASBRENN: f. 1955 og er i frå Fredrikstad. Lektor med faga engelsk, psykologi og norsk frå Universitetet i Oslo. Byrja i 1985 som lektor ved Fredrik II videregående skole i Fredrikstad. Aktiv skribent. Han har i mange år vore styremedlem i fotballmuseets venner i Fredrikstad. Magne Aasbrenn debuterte med romanen *Banna ben* på fredrikstaddialekt på Aschehoug i 1978. I 1990 gav han ut *Hjelpebok i nynorsk for østfoldingar*. Han var med og skipa Østfold Mållag og har vore leiar der frå 2002 til 2016. I 2016 vart han for fyrste gong vald til leiar i Noregs Mållag.

JENS KIHl: f. 1986 i Oslo der han også er oppvaksen. Politisk journalist i Klassekampen. Påbyrja master i sosiologi ved Universitetet i Oslo. Sat i styret i Noregs Mållag 2007–09 som NMU-representant og 2010-12 som nestleiar og AU-medlem. Tidlegare NMU-leiar, SmiO-leiar, prosjektleiar for Språkåret 2013 og mange andre verv i målrørsla. Er i dag styreleiar for Norsk barneblad, er vara til styret i Nynorsk Pressekontor og til rådet i Bondeungdomslaget i Oslo, der han er medlem. Klubbleiar i Norsk Journalistlag-klubben i Klassekampen. Har vore AU-medlem og kommunalpolitisk sekretær i Nei til EU, medlem av Den norske UNESCO-kommisjonen. Har partipolitisk bakgrunn frå SV med verv på ulike nivå, er i dag partipolitisk uavhengig.

INGER JOHANNE SÆTERBAKK: f. 1981, fødd i Bodø, oppvaksen på Orkanger, bur i Oslo. Ho jobbar som kommunikasjonsrådgjevar i Norges Bondelag, og har bakgrunn som journalist i NRK i Vadsø, Hammerfest og Tromsø, og kommunikasjonsrådgjevar ved Hålogaland Teater og Tromsø kommune. Ho er utdanna frå Universitetet i Oslo med nordisk, historie og kulturhistorie i fagkrinsen, og gjekk på det første kullet som vart utdanna ved Nynorsk Mediesenter i Førde. Ho var prosjektleiar for Språkåret 2013 og har tidlegare vore nestleiar i Studentmållaget i Oslo, leiar i Mediemållaget og leiar i Tromsø Mållag.

PEDER LOFNES HAUGE f. 1989, Frå Gloppen, Sogn og Fjordane, bur i Bergen. Han er utdanna grunnskulelærer, men arbeider som politisk rådgjevar for sosialbyråd Erlend Horn (V) i Bergen kommune. Han har tidlegare arbeid for Bergen Venstre si bystyregruppe og som valkampsekretær for Sogn og Fjordane Venstre. Hauge var kommunestyrerepresentant i Gloppen kommune 2011–2015, og har vore i fylkestyret til Sogn og Fjordane Venstre. Han er vara til Venstres landsstyre.

MARIANN SCHJEIDE: f. 1965, Frå Skjodje på Sunnmøre. Ho arbeider i Oslo og har heimekontor i Skodje. Ho er leiar for Norsk Bibliotekforening og det har ho vore sidan 2014. Før det var ho biblioteksjef for Ålesund bibliotek i elleve år. Har storfag (høgskolekandidat) i nordisk språk og litteratur ved Høgskolen i Volda. Deretter Statens bibliotek- og informasjonshøgskole. I 2012 tok ho deltidsstudium i leiarutdanning frå NTNU i 2012.

HELENE URDLAND KARLSEN: f. 1986, Frå Voss, bur i Oslo. Har mastergrad i norsk språk og litteratur frå Universitetet i Bergen. Har tidlegare arbeid for Språkrådet og Norsk Ordbok. Ho er i dag forlagsredaktør hjå Cappelen Damm og arbeider med revidering av Norsk Ordbok. Ho har vore styremedlem i Studentmållaget i Bergen, i skriftstyret for tidsskriftet Mål og Makt og leiar i Oslo Mållag frå 2014–2016.

MARIANNE GRANHEIM TRØYFLAT: f. 1981, frå Vestre Slidre, Valdres. Ho har master i statsvitskap frå Universitetet i Oslo og arbeider no som lektor på Valdres vgs. Ho har tidlegare arbeid i Ungdom mot EU, Nei til EU, Oslo Senterparti, Kringkastingsringen, Noregs Mållag og som journalist i avisa Valdres. Ho var med og skipa opp att Vestre Slidre Mållag i 2014 og har vore leiar i laget sidan då. Ho er nestleiar i Valdres Mållag.

ANDERS RIISE: f. 1969, frå Hareid, Sunnmøre. Representerer partiet Høgre og har vore ordførar i Hareid sidan 2011. Er også medlem i Fylkestinget og er for tida leiar i kontrollutvalet i Møre og Romsdal.

BIRGITTA LIM ERSLAND: f. 1989, frå Bergen, busett i Oslo. Har master i freds- og konfliktstudium. Arbeider for den sørkoreanske ambassadøren ved Republikken Koreas ambassade i Oslo. Har vore aktiv i målrørsla sidan 2006 då ho blei med i Bergen Målungdom. Sat i Sentralstyret i Norsk Målungdom frå 2008 til 2011, var leiar i Oslo Mållag frå 2011 til 2014 og er i dag nestleiar i Fylkesmållaget Vikværingen. Ho sit òg i Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo. Dei to siste åra har ho vore 3. vara til styret i Noregs Mållag.

ØYVIND FENNE: f.1951 i Odda, Hordaland, busett i Elnesvågen, Fræna kommune i Romsdal. Han er universitetsutdanna og tidlegare lærar i den vidaregåande skulen, men også med virke innanfor kulturminnevernet. Han har vore medlem av Fræna formannskap og kommunestyre i 12 år. Øyvind har drive med lokalt kulturarbeid i regi av folkeakademi og mållag. Han har lang fartstid i målrørsla, og har sidan 2004 vore leiar av Romsdal Mållag. 1. vara til kommunestyret i Fræna. Dei to siste åra har han vore 4. vara til styret i Noregs Mållag.

14.2 VAL AV VALNEMND

Valnemnda for 2016–2018 har vore:

leiar	Steinulf Tungesvik	
medlem	Ragnfrid Trohaug	
medlem	Marit Krogsæter	
medlem	Sigbjørn Hjelmbrekke	
medlem	Åsmund Kvifte	vald av NMU

1. vara	Mats Kvaløy-Bjørbekk	
2. vara	Øystein Vangsnes	
3. vara	Aud Søyland	

1. vara	Kirsti Lunde	vald av NMU
2. vara	Øystein Sandve	vald av NMU

Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2018 til 2020:

Kirsti Lunde, leiar (ny)

Marit Krogsæter (attval)

Sigbjørn Hjelmbrekke (attval)

Helen Johannesen (ny)

Vara:

1 Pål Julius Skogholt (ny)

2 Else Berit Hattaland (ny)

3 Peder Sjø Slettebø (ny)

Norsk Målungdom vel ein representant med eigne varafolk på landsmøtet sitt tredje helga i mars.

OM VALNEMNDSKANDIDATANE:

Kirsti Lunde er 28 år og bur i Sogndal. Ho kjem frå Lom og arbeider som høgskulelektor ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal. Ho har tidlegare vore leiar i Studentmållaget i Nidaros, vore landsstyremedlem og deretter dagleg leiar i Norsk Målungdom frå 2015 til 2017.

Marit Nerås Krogsæter er 25 år og bur i Ålesund. Ho kjem frå Vatne på Sunnmøre og arbeider som lektor på Spjelkavik videregående skole. Ho sit på fylkestinget i Møre og Romsdal for Senterpartiet og leiar hovudutvalet for kultur- og folkehelse. Ho er politisk nestleiar i Noregs Ungdomslag.

Sigbjørn Hjelmbrække er 38 år og bur i Bø i Telemark. Han kjem frå Osterøy og arbeider hjå Høgskulen i Sørøst-Noreg og ved Telemarksforsking. Han har tidlegare vore leiar i Norsk Målungdom 2004 til 2005. Han var fyrste vara til styret i Noregs Mållag frå 2011 til 2013 og deretter nestleiar frå 2013 til 2016. Han er i dag leiar i Telemark Mållag.

Helen Johannesen er 63 år og bur på Hamar. Ho kjem frå Fosnavåg og arbeider som høgskulelektor ved Høgskulen på Vestlandet i Bergen. Ho er leiar i Austmannalaget.

Pål Julius Skogholt er 46 år og bur i Tromsø. Han kjem frå Stamsund i Lofoten og arbeider for SV som rådgjevar/prosjektleiar for Ja til Nord-Norge-prosjektet og distriktssekretær for Nordland, Troms og Finnmark. Han har tidlegare vore statssekretær for SV i Nærings- og handelsdepartementet frå 2009 til 2011 og sit no i bystyret i Tromsø for SV. Han har vore styremedlem i Tromsø Mållag.

Else Berit Hattaland er 44 år og bur på Klepp. Ho kjem frå Klepp og arbeider som økonomisjef hjå Nordsjø Media AS. Ho har tidlegare vore nestleiar i Rogaland Mållag og er i dag leiar i Klepp Mållag.

Peder Sjo Slettebø er 31 år og bur på Halsnøy. Han kjem frå Halsnøy i Kvinnherad og er ordførar i Kvinnherad kommune for Høgre.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Kirsti Lunde til leiar for valnemnda, med Marit Krogsæter, Sigbjørn Hjelmbrække og Helen Johannesen som faste medlemer. Varafolk er i nummerert rekkjefølgje Pål Julius Skogholt, Else Berit Hattaland og Peder Sjo Slettebø.

14.3 VAL AV REVISOR

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2018 og 2019.

VEDLEGG

Lov for Noregs Mållag

Vedteken 21. juli 1978, med brigde frå 26. juli 1980, 29. juli 1982, 28. juli 1983, 25. juli 1985, 30. juli 1987, 30. juli 1988, 26. juli 1992, 31. juli 1993, 28. juli 1995, 27. juli 1996, 26. juli 1997, 25. juli 1998, 31. juli 1999, 30. juli 2000, 29. juli 2001, 28. april 2002, 25. april 2004, 30. april 2006, 29. april 2007, 27. april 2008 29. april 2012, 21. april 2013 og 17. april 2016.

I FØREMÅL

§ 1.1 Noregs Mållag vil arbeida for å gjera den norske målreisingstanken til røyndom.

II SAMSKIPNADEN

§ 2.1 Noregs Mållag er landssamskipnaden for laga i målrørsla. Eit mållag skal ha minst 10 medlemmer.

§ 2.2 I Noregs Mållag kan den vera med som vil arbeida for målreisinga i samsvar med prinsippprogrammet og lova for samskipnaden.

§ 2.3 I regelen skal einskildlaga innanfor ein landslut samarbeida i eit fylkesmållag. Fylkesgrensene skal så langt råd samsvara med fylkesgrensene i Noreg. Ingen av dei noverande fylkeslaga i Noregs Mållag kan slåast saman eller delast mot deira eigen vilje. Fylkesmållaga må godta lova for Noregs Mållag, og grensene for desse laga skal vera godkjende av landsmøtet i Noregs Mållag. Eit fylkesmållag skal ha minst 3 lag.

§ 2.4 Yrkesmållag som er skipa for heile landet, kan vera med i Noregs Mållag når dei godtek lova for samskipnaden. Har eit slikt lag minst 3 einskildmållag, kan det få same rettane i Noregs Mållag som fylkesmållaga, etter vedtak på landsmøtet.

§ 2.5 Der det ikkje er fylkesmållag, kan einskildlag takast opp beinveges i landssamskipnaden. Landsmøtet avgjer slike saker etter tilråding frå styret.

§ 2.6 Folk som bur slik til at dei ikkje har høve til å vera med i eit mållag, kan verta beinveges innmelde i Noregs Mållag gjennom fylkeslaget.

§ 2.7 Noregs Mållag kan til vanleg ikkje meldast inn i ein annan samskipnad. Noregs Mållag kan vera med i internasjonale samskipnader som har tilsvarande føremål som Noregs Mållag. Innmeldinga skal skje etter vedtak gjort av landsmøtet.

§ 2.8 Samskipnaden heiter Noregs Mållag på norsk, Nøørjen Giëlesiebrie på sørsamisk, Vuona Giellasiëbrre på lulesamisk, Norgga Giellasearvi på nordsamisk og Norjan Kielijoukko på kvensk.

III NORSK MÅLUNGDOM

§ 3.1 Norsk Målungdom er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Einskildlag i NMU er einskildlag i Noregs Mållag, men NMU gjer eigne vedtak om tuft, arbeidsprogram og lover som laga i NMU arbeider etter. Desse vedtaka kan ikkje stri mot det breie grunnlaget som ligg i lovne og prinsippprogrammet til Noregs Mållag. Dette grunnlaget er sams for dei to organisasjonane.

§ 3.2 Norsk Målungdom svarar ei -1- krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

§ 3.3 Landsmøtet til Norsk Målungdom vel ein representant til styret og ein representant til valnemnda i Noregs Mållag, begge med personlege varafolk. Vala skjer for eitt år i gongen.

§ 3.4 Tilhøvet mellom NM og NMU er nærare ordna gjennom samarbeidsavtalen.

IV PLIKTER

§ 4.1 Når eit lag er med i Noregs Mållag, har det skyldnad til, så langt det evnar, å gjera røyndom av dei måla samskipnaden set opp i prinsippprogram og arbeidsprogram.

§ 4.2 Fylkeslaga, dei beinveges innmelde laga og yrkesmållaga skal syta for å få lovene sine godkjende av Noregs Mållag. I tilfelle det er usemje innan styret i Noregs Mållag om godkjenning, skal saka leggjast fram for landsmøtet til avgjerd.

§ 4.3 Fylkesmållaga og yrkesmållaga skal senda melding til styret i Noregs Mållag om nyskipa og oppattskipa lag. Det same gjeld Norsk Målungdom.

§ 4.4 Alle laga skal på føreskriven måte senda årsmelding og andre meldingar om arbeidet sitt til styret i Noregs Mållag innan dei fristar styret fastset.

§ 4.5 Noregs Mållag fører medlemslistene for lokallag og fylkeslag, og pliktar å senda ut desse med jamne mellomrom. Laga pliktar å kontrollera dei og senda inn tillegg og rettingar.

§ 4.6 Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Landsmøtet tilrår ein lokal- og fylkessats. Årspengane vert kravde inn av Noregs Mållag sentralt, men dei laga som bed om det, har høve til å krevja inn årspengane sjølve. Familiemedlemer betaler halv sentralsats. Lag som også er med i Noregs Ungdomslag krev inn årspengane sjølve og betaler halv sentralsats. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral sats gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje årspengar til samskipnaden. Noregs Mållag skal innan 1. mars betala ut lokallags- og fylkeslagssatsen for årspengar som er betalte inn året før. Lag med lokal innkrevjing skal innan same dato betala årspengar for året før til fylkeslaget og Noregs Mållag sentralt.

V LANDSMØTET

§ 5.1 Noregs Mållag held landsmøte annakvart år. Landsmøtet fastset saklista. Kvart fjerde år vert det vedteke eit langtidsarbeidsprogram for Noregs Mållag. Landsmøtet kan likevel vedta særskilt hovudoppgåve for komande toårsperiode.

Kvart landsmøte skal likevel ha føre desse sakene:

- a) årsmelding for siste landsmøteperioden
- b) årsoppgjer for dei to førre kalenderåra, med ettersynsmelding
- c) budsjett for dei komande to åra
- d) årspengar for dei to åra etter komande året
- e) val i samsvar med lova

§ 5.2 Omframnt landsmøte vert halde etter vedtak i styret, eller når det blir kravt av så mange lag at representasjonsretten deira svarar til ein tredel av dei som har møterett på landsmøtet. På slike landsmøte kan det ikkje gjerast vedtak i andre saker enn den/dei som var årsak til innkallinga.

§ 5.3 Innkallinga til landsmøtet skal styret senda ut skriftleg til einskildlaga, fylkesmållaga og Norsk Målungdom seinast tre månader før fyrste landsmøtedagen. Framlegg til sakliste og krav om å senda inn den landsmøteavgifta som styret har fastsett, skal sendast saman med innkallinga. Sakspapir, medrekna tilrådinga frå valnemnda, skal vera utsende minst ein månad før møtet. Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngevevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan

stryka saker frå saklista med vanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

§ 5.4 Utsendingar til landsmøtet skal som regel veljast på årsmøtet til laget. Årsmøtet kan gje styret eller eit lagsmøte fullmakt til å velja utsendingar. Valet skal då kunngjerast i innkallinga til møtet. Utsendingane må vera medlemer i det lokallaget dei er valde som utsending for, jfr 5.5.

§ 5.5 Einskildlaga med frå 10 til 50 betalande medlemer for førre kalenderår kan senda 1 utsending til landsmøtet, lag med frå 51 til 100 medlemer kan senda 2 utsendingar, og større lag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 100 medlemer, opp til 10 utsendingar. Fylkesmållag med opptil 300 medlemer kan senda 2 utsendingar. Større fylkesmållag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 300 medlemer, opp til 10 utsendingar. For Norsk Målungdom gjeld same reglane som for fylkesmållag.

§ 5.6 Røysterett på landsmøtet har styremedlemene i Noregs Mållag, utsendingar frå Norsk Målungdom, fylkesmållag og einskildlag som har sendt årsmelding og årspengar for siste året og betalt landsmøteavgift. Landsmøtet kan vedta at nyskipa lag som har betalt landsmøteavgift, skal ha ein utsending med røysterett. Kvar utsending har ei - 1 - røyst.

§ 5.7 Berre talerett på landsmøtet har utsendingar frå lag som ikkje har sendt årsmelding og årspengar for siste året.

VI STYRET MED ARBEIDSUTVAL OG ETTERSYN

§ 6.1. Noregs Mållag har eit styre på 7 medlemer og 4 varamedlemer, valde av landsmøtet. Alle vert valde for to år. 1 av styremedlemene med personlege varafolk vert vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3. Styret har øvste ansvaret for samskipnaden mellom landsmøta. Dersom ein tillitsvald vald av landsmøtet i eit særskilt ombod ikkje kan stetta funksjonane han/ho er vald for, kan styret velja ein ny person i ombodet mellom dei landsmøtevalde.

§ 6.2 Styret kan ha eit arbeidsutval på 3 medlemer, leiar og nestleiar skal i så fall vera mellom desse. Styret fastset arbeidsføresegner for AU. Styret skal ha minst 6 møte i året.

§ 6.3 Styret er vedtaksført når minst 5 er til stades, av desse minst 3 styremedlemer.

§ 6.4 Styret kan setja ned arbeidsutval og råd for ymse arbeidsområde og tilsetja tenestefolk som det ikkje ligg til landsmøtet å velja. Styret skal fastsetja instruks for dei tilsette.

§ 6.5 Noregs Mållag skal ha eit landsråd samansett av leiaren, nestleiarane, fylkesleiarane, leiaren i Norsk Målungdom, 1 representant for yrkesmållaga vald på fellesmøte mellom styra i dei og 1 frå Norsk Målungdom vald på deira landsmøte. Nestleiarane i fylkesmållaga, Norsk Målungdom og 1 representant for yrkesmållaga er varafolk til landsrådet. Landsrådet skal vera eit drøftings- og planleggingsorgan for samskipnaden og eit rådgevande organ for styret. Landsrådet skal normalt ha eitt møte i året.

§ 6.6 Ettersyn skal veljast på kvart landsmøte.

§ 6.7 Året før kvart stortingsval skal styret leggja fram ein arbeidsplan for å påverka dei politiske partia i valåret. Denne planen bør vera drøfta på rådleggingsmøte med utsendingar for fylkeslaga og Norsk Målungdom.

§ 6.8 I alle landsmøtevalde organ skal begge kjønn vera med. Har eit styre eller ei nemnd 5 medlemer eller fleire, skal begge kjønn vera representerte med minst 40 %.

VII VALNEMNDA

§ 7.1 Etter tilråding frå styret i Noregs Mållag vel kvart landsmøte ei valnemnd på 5 medlemmer med 3 varamedlemmer. Leiar for nemnda vert vald særskilt. Nemnda sit til neste landsmøte. Ein av medlemmene med personlege varafolk skal vera vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3.

§ 7.2 I arbeidsbolken førebur valnemnda vala på landsmøtet. Nemnda oppmodar fylkesmållaga, einskildlaga og medlemmene om å koma med framlegg til valet. Nemnda må ha ferdig tilrådinga seinast seks veker før landsmøtet.

VIII LAGSBRUK

§ 8.1 Dei fylkeslaga og einskildmållaga i Noregs Mållag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar kvart år eit tilskot - lagsbruksavgift - til organisasjonen. Tilskotet skal fastsetjast som del av omsetnaden. Nærare reglar er fastsette i "Føresegner for lagsbruk".

§ 8.2 Lagsbruk skal nytta nynorsk i verksemda si.

IX TRYGGING AV EIGA

§ 9.1 Lag som er med i Noregs Mållag må alltid disponera eiga i samsvar med laget sitt eige føremål og det føremålet som gjeld for laget som medlem i Noregs Mållag.

§ 9.2 Ved nedlegging av eit lag, gjeld dei reglar laget sjølv har vedtektsfesta om dette, likevel slik at eiga alltid må disponerast i samsvar med føremålet slik det er fastsett etter denne lova § 9.1.

§ 9.3 Dersom vedtektene til laget ikkje har reglar om nedlegging, men laget like fullt må reknast som nedlagt, skal Noregs Mållag ta vare på eiga til laget til dess det vert skipa eit nytt lag på same stad og/eller med same føremål. Dersom slikt lag ikkje er skipa innan 5 år frå Noregs Mållag tok over ansvaret for eiga, skal Noregs Mållag disponera eiga til beste for målarbeidet på staden det nedlagte laget verka og/eller i samsvar med føremålet til det nedlagte laget.

§ 9.4 Eit lag skal alltid reknast som nedlagt når laget ikkje har levert årsmelding innan den fastsette fristen dei tre siste åra.

§ 9.5 Dersom eit lag vert nedlagt i strid med dei reglar som gjeld for nedlegging av laget, eller skiftar føremål slik at laget ikkje lenger kan stå som medlem i Noregs Mållag, gjeld § 9.3. i denne lova tilsvarande. Det same gjeld dersom laget disponerer eiga i strid med § 9.1. Dersom eit lag vedtek å melda seg ut av Noregs Mållag med 2/3 fleirtal på to ordinære årsmøte etter kvarandre, gjeld ikkje § 9.3., så lenge laget ikkje skiftar føremål.

§ 9.6 Kostnadene Noregs Mållag har ved å ta hand om eiga til eit lag, skal dekkjast av eiga det vert teke hand om.

§ 9.7 Ankesaker med grunnlag i avgjerder under §§ 9.1 – 9.6 skal avgjerast med endeleg verknad av landsmøtet i Noregs Mållag.

§ 9.8 Dersom Noregs Mållag blir lagt ned, skal alle aktiva Noregs Mållag rår over gå til føremålet til organisasjonen.

X LOVBRIGDE

§ 10.1 Denne lova kan landsmøtet brigda med 2/3 fleirtal. Framlegg til brigde må kunngjerast minst 1 månad føreåt. Framlegga kan ikkje endrast på landsmøtet dersom endringane fører til at meiningsinnhaldet vert endra.